

# Ullruta

THE WOOL HERITAGE ROUTE 2019

[visitBergen.com](http://visitBergen.com)

## Redaksjon

Kjersti Isdal, Region Nordhordland  
Frode Nergaard Fjeldstad, VisitBergen

## Design

Diana Lukas-Nülle

Ullruta – The Wool Heritage Route  
er eit samarbeid mellom  
Region Nordhordland og VisitBergen.  
Arbeidet er utført med støtte  
frå prosjektet SHAPE (NPA/EU).  
Heftet er trykt på svanemerket papir.



REGION  
**NORDHORDLAND**



 **SHAPE**



Northern Periphery and  
Arctic Programme  
2014–2020




**EUROPEAN UNION**

Investing in your future  
European Regional Development Fund

# Ullruta

## THE WOOL HERITAGE ROUTE

Linda Sæle Kjøenes, Tove Lise Mossestad



**U**ll er eit ekte og berekraftig naturprodukt. Bergensregionen har ei komplett historie knytt til ull. Alt frå dei verneverdige kystlyngheiene, handverka, industrieventyret, til dei moderne merkevarene som framleis produserer kvalitetsprodukt av ull i Norge.

Ullruta er ei samling av verksemder som ønskjer å løfte kunnskapen om ull, og kanskje vert du inspirert til å prøve deg på eigenhand. Velkommen!

**W**ool is a genuine and sustainable natural product. In the Bergen region you may experience the whole story. From the endangered heathland landscape, the crafts, the industrial age and the quality products still produced here in the region.

Welcome to the Wool Heritage Route. We hope you may learn something new and be inspired to explore on your own!

# Livreddaren

SOM FORMA LAND OG FOLK





## *The lifesaver that shaped the country and its people*

Nils Olav Mevatne

For 12 000 år sidan trekte isen seg tilbake frå kysten. Naturkrefter hadde forma fjell, fjordar og langs- trakte dalbotnar. Dei fyrste menneska busette seg i det levande kunstverket, og slo djupe røter og levde i harmoni med naturen. Dei strauk over vidder med frodig gras og lyng, fiska i elvestryk, vatn og den langstrakte kyststripa mot Atlanterhavet.

For om lag 4500 år sidan byrja menneska i Noreg med sauer og geiter. Sauen er meisterleg tilpassa vêrtilhøva med ei regnkåpe ytst og varmande ull inst. Dei trufaste dyra hutra ikkje i kalde hauststormar, men utstod eit røft klima. Sauen vart ein livreddar for dei som levde på den vêrharde kysten vår.

Sauene gav varme klede, mjølk og eit utal reiskapar, som det kreative menneske utvikla. Flittige kvinnehender laga nydeleg handverk av saueulla. Handverkskvinnene

Twelve thousand years ago, the ice sheet started to retreat from the coast. The forces of nature had created mountains, fjords and long valleys. The first people settled in this living work of art, grew deep roots and lived in harmony with nature.

About 4,500 years ago, people in Norway started to keep sheep and goats. Sheep are superbly adapted to the weather conditions with its 'raincoat' over a warm layer of wool. The loyal animals did not shiver in the cold autumn storms, but withstood a rough climate. The sheep were a lifesaver for the people living along our exposed coastline.

They provided warm clothing, milk and countless tools developed by the creative human mind. Industrious women's hands made beautiful craft products from the sheep's wool. The Viking women had such knowledge of wool as a material that they

i vikingtida hadde tilegna seg så mykje kunnskap om ull som materiale at dei kunne veve segl som var sterke, og held vikingane tørre i storm og regn. Så verdi-fullt var seglet at det var ei like kongeleg gåve som ei vikingskute.

Under den industrielle revolusjonen i Noreg vart ull- og tekstilproduksjon ei viktig næring med mange sysselsette på fabrikkane. Vasskrafta frå fjella gav liv til nye samfunn langs fjorden som til dømes Salhus, Dale og Hillesvåg. Framleis vert ullprodukt med høg kvalitet og moderne design produsert i denne regionen.

Nye generasjonar oppdagar dette sterke og berekraftige naturproduktet. Dei finn skaparglede i å lære gamle hand-verksteknikkar og mønster. Langs Ull-ruta kan du oppleve ei spennande historie, lære nye teknikkar, og nyta smaksrike rettar med kjøt av villsau. Livreddaren har i tusenar av år beita på kystlyngen og forma det opne kystlandskapet her vest.

**Nils Olav Mevatne** er fotograf og forfattar av boka 'Livreddaren', om den gamle norske sauerasen.

*could weave sails that were strong, through storms and rain. A sail was such a valuable thing, that it was as impressive a gift as a Viking ship.*

*During the industrial revolution, wool and textile production became an important Norwegian industry that employed many people. Hydropower from the mountains led to new communities emerging along the fjords, among them Salhus, Dale and Hillesvåg. Woollen products of high quality and modern design are still manufactured in this region today.*

*New generations are discovering this strong and sustainable natural product, and enjoy learning old craft techniques and patterns. Along The Wool Route, you can learn about the area's exciting history, learn new techniques and enjoy tasty wild sheep meat dishes. This lifesaver has grazed on the coastal heather for thousands of years and shaped the open coastal landscape of Western Norway.*

**Nils Olav Mevatne** is a photographer and author of the book 'Livreddaren' (The Lifesaver), about the Old Norwegian Sheep breed.

# Lyngheisenteret på Lygra

*The Heathland Centre at Lygra*

01

MUSEUM



+47 56 35 64 10

Lurevegen 1575, Ytre Lygra, 5912 Seim

[www.lyngheisenteret.no](http://www.lyngheisenteret.no)

*At the Heathland Centre you can meet the Old Norwegian Sheep, popularly called 'Wild sheep'. Wander in a historic landscape as it has been on the coast of Western Norway for 5000 years. Visit the exhibition about wool and knitting, watch a film about the coastal heathlands, and enjoy 'wild sheep' soup in the restaurant. The museum shop offers a range of products like sheepskins and yarn made from local wool.*

Opening hours

14.04. - 30.09.: Wed-Fri 11-15:30, Sun 12-17

Film Adults NOK 50, children free

På Lyngheisenteret kan du treffe den urnorske villsauen, og vandre på tilrettelagde stiar i eit historisk lyngheilandskap, slik det har vore på kysten i 5000 år. Besøk utstillinga om ull og strikk, sjå film om kystlyngheiane, og smak på villsausuppe i restauranten. Museumsbutikken har mange flotte produkt frå villsauen, som saueskinn, villsaugarn og strikkepakkar.



# Norsk Trikotasjemuseum

## *The Norwegian Knitting Industry Museum*

+47 55 25 10 81 / 988 67 180

Salhusvegen 201, 5107 Salhus

[www.muho.no/salhus-trikotasjefabrikk](http://www.muho.no/salhus-trikotasjefabrikk)

Besøk det industrielle kulturminnet Salhus Tricotagefabrikk kor det vart produsert klede i ull og bomull i 130 år. Opplev fleire av maskinene ved å bli med på ei omvising i fabrikkjen. I museumsbutikken vert det seld eigenproduserte varer og i kaféen kan du kjøpe heimebakte kaker og vaflar.



*Visit the industrial heritage site at Salhus Tricotagefabrikk, a former textile mill where cotton and woolen clothing was manufactured for 130 years. See more of the machines by joining a guided tour of the factory. The museum shop sells products manufactured at the museum, and the café serves home-made cakes and waffles.*

### Opening hours

27.01. - 23.06., Tue-Fri 11-15, Sun 12-17

24.06. - 30.08., Mon-Fri and Sun 12-17

01.09. - 08.12., Tue-Fri 11-15, Sun 12-17

Entrance fee Adults NOK 90, children free



# Osterøy Museum



+47 94 17 22 50

Gjerstad 44, Lonevåg

[www.muho.no/osteroy-museum](http://www.muho.no/osteroy-museum)

Friluftsmuseum og utstillinger fortel om daglegliv og handverkstradisjonar på strilelandet. I Nordhordland er kunnskapen om bruk av oppstadveven framleis levande og museet formidlar vev- og tekstiltradisjonar gjennom foredrag, kurs og arrangement.

*Open-air museum and exhibitions that tell the story of everyday life and local craft traditions in this rural area near Bergen. The skill of using the traditional warpweighted loom ('oppstadveven') is still alive in the Nordhordland region, and the museum focuses on weaving and textile traditions by means of lectures, courses and events.*



**Opening hours** 26.05. -22.08.:

Mon-Thu 11-15. During July also Sunday 11-15.

**Entrance fee** Adults NOK 60, children free

Please contact the museum for visits outside of opening hours.

# Vestnorsk Utvandringscenter

*Western Norway Emigration Centre*



+47 55 25 18 09 / 917 12 961

Hellandsvegen 541, 5939 Sletta

[www.muho.no/vestnorsk-utvandringscenter](http://www.muho.no/vestnorsk-utvandringscenter)

Ull på prærien! Nybyggerstova viser korleis ein typisk emigrantfamilie budde i Amerika, kva utstyr dei hadde og kva tekstil dei brukte. Gratis utandørs utstilling fortel historia om ull på prærien. Ullrebus for barn, med cowboyløype rundt husa i Prærielandsbyen. Gratis oppgåveark i postkassa ved parkeringa.

**Opening hours** 26.05. – 16.06.: Sat/Sun 12-15

18.06. – 18.08.: Tue-Fri 12-17, Sat/Sun 12-15

**Entrance fee** Adults NOK 60, children free

*Wool on the prairie! Pioneer houses demonstrate what a typical emigrant family home in America was like, what equipment they had and which textiles they used. A free outdoor exhibition tells the story of wool on the prairie. There is a 'Wool quiz' for children with a cowboy trail around the houses of the village. Free quiz sheets in the post box by the parking area.*




# Gripen gard

## *Gripen farm*

05

+47 56 17 64 16

Gripavegen 86, 5919 Frekhaug

[facebook.com/gripengard](https://facebook.com/gripengard)

'Gripen gard og rurale tidsreiser' er eit ekte gamaldags Vestlandsbruk forma av sauene gjennom hundrevis av år. Sauene er gamalnorsk sau og all ull vert sortert og utnytta. Eldhusloftet er innreidd til ull-loft, der ulla vert lagra og bearbeidd. Loftet har ei stor samling gamle tekstilar av ull og verktøy for arbeid med ull. Gripen tilbyr overnatting og arrangerer kurs (sjå facebook).

**Open year round** Visits by appointment.  
Please phone or email [post@gripengard.no](mailto:post@gripengard.no)

*This is an authentic, old-fashioned Western Norway farm where the cultural landscape has been formed by sheep over centuries. The sheep are the traditional Old Norwegian Sheep, and all the wool is sorted and used. The smokehouse loft has been converted into a space for storing and processing wool and contains a large collection of textiles and tools for working wool. Gripen also offers accomodation and arranges courses and events (see facebook).*

Helene Olli Sollid





Vestnorsk Utvandringssenter

Lyngheiseretret på Lygra

Gripen gard

**KNARVIK**

Norsk Trikotasjemuseum

Hillesvåg Ullvarefabrikk

Dale of Norway

Norlender

Oleana Économusée

Osterøy Museum

**BERGEN**

Husfliden & Oleana Shop

HORDALAND

Ullruta

# THE WOOL HERITAGE ROUTE 2019

Discover by theme on digital maps:

## The Wool History



MUSEUM

01

Lyngheiseret  
*The Heathland Centre*

02

Norsk  
Trikotasjemuseum  
*The Norwegian  
Knitting Industry Museum*

03

Osterøy Museum

04

Vestnorsk  
Utvandringscenter  
*Western Norway  
Emigration Centre*

## Factory Visits



FACTORY

06

Hillesvåg  
Ullvarefabrikk  
*Hillesvåg*

07

Wool Spinning Mill  
*Dale of Norway*

08

Norlender

09

Oleana Économusée

## City Centre Shopping



SHOP

10

Husfliden Bergen  
*Husfliden craft shop*

11

Oleana Shop

FARM

05


Gripen gard  
*Gripen farm*



# Hillesvåg Ullvarefabrikk

## *Hillesvåg Wool Spinning Mill*

*Welcome to Hillesvåg Wool Spinning Mill Économusée where you can follow the production process from wool to the finished product. We have produced yarns of Norwegian wool since 1898, and the over 100 year old machines are still in operation. In the shop you will find a large selection of our own yarns, knitting patterns and instructions, wool for felting, and finished products made of Norwegian wool.*



+47 56 35 78 00

Leknesvegen 259, 5915 Hjelmås

[www.ull.no](http://www.ull.no)



**Opening hours** Mon-Fri 9-16, Thu 9-19, Sat 10-14  
 Guided tours for groups by appointment,  
 Mon-Fri, NOK 100 per person

Velkommen til Hillesvåg Ullvarefabrikk Économusée der du kan følgje produksjonsprosessen frå ulla kjem inn til ferdig produkt. Vi har produsert garn av norsk ull sidan 1898, og dei over 100 år gamle maskinene er framleis i drift. I butikken finn du eit stort utval av eige garn og oppskrifter, ull til felting, samt ferdigprodukt i norsk ull.

# Dale of Norway

# 07

FACTORY



+47 41 56 75 71

Sandlivegen 2, 5722 Dalekvam

[www.daleofnorway.com](http://www.daleofnorway.com)

Dale of Norway er synonymt med premium kvalitet. Med utgangspunkt i tradisjonelle, norske mønstre, blir vår kolleksjon i 100 % ull designa og strikka på Dale, utanfor Bergen. På Ullruta kan du lære om vår historie og sjå korleis vi lagar våre ikoniske genserar. Velkommen til fabrikk-museèt og fabrikkutsal på Dale!

*Dale of Norway represents high quality Norwegian knitwear. Our collection in 100 % wool is based on traditional Norwegian patterns and is designed and knitted at Dale near Bergen. The Wool Route is an opportunity to learn about our history and see how our iconic jumpers are made.*

*Welcome to our factory museum and factory outlet at Dale!*

**Opening hours** Factory outlet 15.06. – 15.08.:  
Mon-Fri 09-18, Sat 10-16, Sun 12-18

**Entrance fee** Adults NOK 60, children free of charge. Parts of the museum are open to all visitors to our factory outlet. Guided tours of the factory will be arranged from 20.05. to 14.8., Mon, Wed and Fri at 1 pm. Separate guiding for groups can be arranged. For booking, please contact our factory shop: [shop@dale.no](mailto:shop@dale.no).

## Norlender

+47 56 19 20 00

Osterøyvegen 2184, 5282 Lonevåg

[www.norlender.no](http://www.norlender.no)

Norlender produserer strikkevarer av 100% ull. Me tilbyr grupper visning gjennom fabrikkjen og produksjonen, med tilbakeblikk på utviklinga sidan starten i 1927. Få eit innblikk i produksjonsprosessen frå garn til ferdig produkt!

**Opening hours** 01.01.– 31.12.:  
Mon-Fri 9-16. Closed Sat/Sun.  
Further factory outlet opening times  
or guided tours by appointment.

*Norlender manufactures knitwear from 100 % wool. We offer guided group tours of the factory and production facilities with a retrospective glance at the development since the beginning in 1927. You can follow the production process from yarn to finished product.*

+47 55 39 32 20 (factory)  
Ivar Aasgaards veg 1, 5265 Ytre Arna  
+47 55 31 05 20 (shop)  
Strandkaaien 2A, 5013 Bergen  
[www.oleana.no](http://www.oleana.no)

Oleana

09

FACTORY



*Oleana produces beautiful knitted garments in soft merino wool and silk. We invite you to join us in a walk through the factory where you will meet the people who make our clothes, experience the machines at work, visit our exhibition, factory store and enjoy a snack at our café. The factory is located in a historic area by the fjord in Ytre Arna. Oleana has status as a Économusée. If you can't make it to our factory, you can visit our shop in Bergen.*

**Opening hours** Shop: Mon-Wed 10-17, Thu 10-19, Fri 10-17, Sat 10-16. Factory: Mon-Fri: 9-15.

The factory is open to the public. Guided tour for groups by appointment, NOK 100 per person.

Oleana produserer vakre strikkeplagg i mjuk merinoull og silke. Vi inviterer til ei innholdsrik vandring gjennom fabrikk for å sjå folk og maskiner i arbeid, og besøke vårt utstillingsenter, fabrikkutsal og kafé. Fabrikk ligg i historiske lokale heilt nede ved fjorden i Ytre Arna. Oleana har status som Économusée. Besøk også vårt butikk i Bergen.



## Husfliden Bergen

*Husfliden craft shop in Bergen*

+47 55 54 47 40

Vågsalmenningen 3, 5014 Bergen

[www.norskflid.no](http://www.norskflid.no)

Butikk og systue i hjertet av Bergen. Her vert bunader sydd, skapt for å vare i generasjonar. Vi er genuint opptatt av norsk design, og norske husflids- og handverks-tradisjonar. I butikken finn du eit utval av handplukka produkt. Vi har ei stor garn-avdeling og ferdigstrikk som bl. a. klassikarane Marius, Fana og Setesdalsgenserar.



*'Husfliden' is a traditional craft shop and sewing room in the heart of Bergen. The Bunad (Norwegian National Costume) is sewn here – created to last for generations. We promote Norwegian design and crafts and artisan traditions. In our store you'll find a variety of products carefully selected. We have a large yarn department. The classic Norwegian sweater designs like Marius, Fana and Setesdal are sold here.*

**Opening hours**

Mon-Fri 09-17, Thu 09-19, Sat 09-15



# Simo- leistane

Ei strikkehistorie frå  
garden Havrå på Osterøy

Solveig Jordal

Ull frå egne sauer var den viktigaste råvara til klede. På Havrå spann dei garn heime heilt fram til 1950 og alle ledige stunder vart nytta til strikking eller stell av klede. “Jentene og konene spøta mens dei gjorde anna arbeide samstundes. Dei spøta når dei passa maten, borna, eller krøtera.”

Det var om å gjere å ta vare på det ein hadde av klede eller reiskapar. Når det ikkje nytta å stoppe sokkane lenger var det vanleg å strikke ny underfot, hel, sole og tå. For ei tid sidan fekk Osterøy museum to sekkar med slikt utslite og ‘utbøtt’ strikk – for dei fleste var det nok berre ein fillehaug. I sekkane frå Simobruket

# The Simo socks

*A knitting story from the  
farm Havrå on Osterøy island*

Wool from the farm’s own sheep was the most important raw material for clothes.

*At Havrå, they spun thread at home until 1950, and every moment was spent knitting or mending clothes. ‘Girls and women would knit while they were doing other work at the same time. They knitted while looking after the food, children or farm animals.’*

*It was important to take care of what clothes or tools you had. When socks could not be darned any more, people would often knit a new foot, heel, sole or toe. A while back, two bags of such worn-out and ‘beyond-repair’ knitting was donated to Osterøy Museum. To most people, it was probably*

Olsa-Lina  
from Havrå  
knitting socks.  
(1950s)



på Havrå fann vi m. a. ein kvit barnesokk. Den er godt brukt og bøtt mange gonger både på kne og i foten. Mønsteret inspirerte oss til å lage 'Simo-leistane'. Her er mønster tilpassa sokkegarn frå Hillesvåg. Dette er tjukkare enn i originalen, forsterka, og godt eigna for leistar. Ynskjer du ein tynnare sokk kan du sjølvsgt bruke mønsteret og tilpasse masker og storleik til den du strikkar til.

# Oppskrift

## SIMO-LEISTAR

**Størrelse:** 5 (10) år

**Garn:** Ca 50(70)g Fjord sokkegarn frå Hillesvåg Ullvarefabrikk (80% norsk ull/20% nylon)

**Pinner:** 3 mm

**Strikkefastheit:** 24 m = 10 cm

*no more than a bag of rags. In one of the bags, from the Simo farm at Havrå, we found a white child's sock. It had been well used and mended many times, both at knee and foot. The pattern inspired us to make the Simo sock. This pattern is adapted for sock yarn from Hillesvåg Ullvarefabrikk, which is thicker than the original, reinforced and well suited for socks. If you want a thinner sock, you can use the pattern and adapt the number of stitches and the size to the child you are knitting them for.*



**Legg opp 36(44)m.** Strikk 4 mønsterrapportar A(B) etter kva storleik du skal ha. Strikk 14(16) cm før du startar på hælen. Strikk fram og tilbake med glattstrikk over 18(22) m til baksida av hælen. Når dette stykket måler 4(5) cm tek du alle m over på ein pinne og startar fellinga:

**På retta:** Strikk 3 m forbi midten på pinnen (12(14) m)

2 m vridd rett saman, snu.

**På vranga:** ta 1 m laus av, strikk 6 m vrangt, to m vrangt saman, snu.


**På retta igjen:** ta 1 maske laus av, strikk 6 masker rett, to masker vridd rett saman, snu.

Gjenta dei to siste p til du har felt av alle m på begge sider. No skal det stå att 8 m på p.


Ta opp 5(7) m på begge sider av hælen slik at du igjen strikkar på 4 p rundt foten med 9(11) m på kvar. Hald fram med mønster over to p, 9(11) m på kvar, slik at mønsteret held fram oppå foten. På undersida strikkar du rettstrikk. Strikk ca 14(16) cm før du feller for tåa:

No strikkar du rettstrikk på alle p og feller 4 m, anna kvar omgang, til det står att 5 m på kvar p. Omgangen startar midt under foten og du feller slik på 1. p: strikk til det står att 3 m, strikk 2 rett m saman, siste m rett, 2. p startar du med 1 rett m, ta 1 m laus av, strikk neste rett og smett over den lause m, resten av p rettstrikk, 3. p er lik 1. p, 4. p er lik 2. p. Då får du fellinga i 'sidene' på tåa. Når det står att 8 m avsluttar du med å trekke tråden gjennom maskene og festar den godt på vranga.

## MØNSTERRAPPORTAR



A str. 5 år



B str. 10 år

- rett
- vrang
- fletting: ta ei maske laus av, hald den framfor strikket, strikk neste maske rett, strikk så den lause maska.

# Pattern

## SIMO SOCKS

**CO 36 (44) sts**, join to knit in the round. Work 4 pattern repeats, either A or B depending on size. Continue working in pattern until cuff measures about 14 (16) cm.

Heel is worked back and forth over 18 (22) sts:

\*K 18 (22), turn to work WS. P 18 (22), turn to work RS\* Repeat \*-\* until heel flap measures 4 (5) cm.

**RS:** K 12 (14), k 2 together through back loop, turn to work WS

**WS:** slip 1, p 6, p 2 together, turn to work RS

**RS:** slip 1, k 6, k 2 together through back loop, turn to work WS. Repeat the last two rows until there is 8 sts left on needle.

Pick up 5 (7) sts on both sides of heel flap and start knitting in the round. Continue pattern on top of foot. Work sole sts in st st. Beginning of round is in the middle of sole sts. Continue until foot measures 14 (16) cm.

**Toe shaping:** Place markers as follows:

\*Pm, k9 (11)\* repeat 3 times.

**Row 1:** \*K until 3 sts before m, k 2 together, k 1, sm, k1, sl 1, k 1, pass slipped st over, k until m\* repeat once

**Row 2:** K

Repeat rows 1 and 2, 3 (5) times = 5 sts between markers. Repeat row 1, 3 times = 8 sts total. Break yarn and pull through remaining sts. Fasten off.


**Size:** 5 (10) years

**Yarn:** Ca 50 (70) g Fjord sock yarn from Hillesuåg Ullvarefabrikk, (80% Norwegian wool/20% nylon)


**Suggested needles:** 3 mm

**Gauge:** 24 sts = 10 cm

### PATTERN DIAGRAM



A 5 years



B 10 years

□ K

● P

⌞ N

Cable: slip stitch to cable needle and hold in front, k1, k1 from cable needle



# BERGEN KNIT FEST

27-29  
September  
2019

The festival is organized  
and hosted by  
The Norwegian Knitting  
Industry Museum.

Visit  
[bergenstrikkfestival.com](http://bergenstrikkfestival.com)  
for more information.



Welcome to a celebration  
of Norwegian wool, the  
Norwegian sheep and our rich  
cultural textile heritage.

# Ullveka

WOOL WEEK 2019



HORDALAND

18.-27. OKTOBER 2019